

**NGIB**

Førebyggjande avdeling Brannvern  
Rådhuset  
5914 ISDALSTØ  
Tlf: 56 37 50 00  
FAKS: 56 37 51 09

**MELAND KOMMUNE**  
**Meland Ungdomsskule**

**Direkte**

Leif-Ale Træland  
Ole Johan Ingemannsen  
Cathrine Mørk  
Frode Langeland

**Telefon**

56 37 56 94  
56 37 56 90  
56 37 56 93  
56 37 56 91

**epost**

lat@lindas.kommune.no  
inoj@lindas.kommune.no  
lica@lindas.kommune.no  
lafr@lindas.kommune.no

20 03 2014

J.nr. \_\_\_\_\_  
Ark. \_\_\_\_\_ Saksb. \_\_\_\_\_  
Sak id. \_\_\_\_\_

Knarvik 10.03.2014

**Meland Ungdomsskule**  
v/ Solbjørg Åmdal Sandvik  
postboks 34  
5906 FREKHAUG

### Tilsyn brann for Meland kommune

Vi viser til telefonsamtale og stadfester at der vert halde branntilsyn på/i/ved

**Meland Ungdomsskule**  
**Fredag 09.05.2014                    KL 1000**

Kommunen har i medhald av "brann og eksplosjonsloven" (brannlova) §13, av 26.06.02, plikt til å føre tilsyn med særskilde brannobjekt, for å sjå til at dei er tilstrekkeleg sikra mot brann. Tilsynet skal omfatte alle forhold som er viktig for branngryggleiken, her under alle forhold som kan påverke risikoen for brann, og dei tiltak som er sett i verk for å avgrense konsekvensane ved ein brann er tilstrekkelege, Jfr "Forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn" (FOBTOT), §6-2 av 26.06.2002.

**Brannvernleiar skal delta ved tilsynet Jfr. FOBTOT §3-2.**

Dersom brannvernleiar vert hinda i å møte til avtalt tid, lyt vi få beskjed om dette slik at nytt tidspunkt kan avtalast, då det ikkje kan haldast brannsyn utan at brannvernleiar er til stades.

Eigar, brukar, arbeidsgjevar eller representant for desse har rett til, og kan påleggast å vere tilstades under tilsynet, Jfr. brannlova § 34. **Brannvernleiar** lyt varsle desse om tilsynet.

**Framlegging av dokumentasjon**

Ved tilsynet vil Eigar og verksemda sin dokumentasjon etter Førebyggjande forskrifter og HMS-forskrifter med omsyn til brannførebyggjande og brannbekjempande tiltak, her under ansvarsforhold, organisatoriske tiltak/HMS-system, samt rutinar for kontroll, ettersyn og vedlikehald verte gjennomgått. Det vil bli gjennomført synfaring i bygget for verifikasjon av dokumentasjonen.

For å oppnå ein god dialog er det naudsynt at brannvernleiar er kjend med ovannemnde HMS-lover og forskrifter, samt med eigen brannteknisk dokumentasjon.

Med helsing

**N G I B**

Nordhordland og Gulen Interkommunale brannførebyggjande avdeling

*Frode Langeland*

Frode Langeland